

LEIGEAVTALE

mellom

Stord kommunale eidegom KF

og

Stord idrettslag



Stord den 18.12.15

Arne Bjelland
Stord kommunale eidegom KF

Stord den 18/12 -2015

Harald Lunde
Stord idrettslag

Datert : 01.11.2015
Revidert:

LEIGEAVTALE

FOR BYGNINGAR OG FOTBALLBANAR/UTEOMRÅDET

1. AVTALEPARTANE

Utleigar: Stord kommunale eigedom KF
Rundehaugen 45,
Postboks 304, 5402 Stord
Dersom SKE KF vert oppløyst vert avtalen overført til Stord kommune.

Leigetakar: **Stord idrettslag**

Leigeavtalen gjeld frå 01.01.2016.

2. LEIGEOBJEKT OG AREALAR

Leigeforholdet gjeld leige av idrettshallane / konferansesenter, idrettstova, regionsanlegg for vinteridrett på is, fotballbanar, sekretariatsbygget og heile uteområdet som ligg på Vikahaugane gnr. 41, bnr. 54, 163 i Stord kommune. (ref. vedlegg 1 - kart av 01.11.15) I tillegg gjeld avtalen for fotballbanen på gnr. 43, bnr. 115 ved Langeland skule, og fotballbanen på gnr. 27, bnr. 843 ved Ås. I avtalt leigesum er også prestagardsskogen fleirbrukshall slik situasjonen er pr. 31.12.2015.

Oversikt over leigeobjekt med tilhøyrande arealoppgåve (bruttoareal) for leigeobjektet og for andre bygningar innan same bygningskategori (same tenesteområde) er gjeve i eige vedlegg (**vedlegg 2**).

3. LEIGE

Leiga består av følgjande element:

- Forvaltningskostnader (administrasjon, forsikring)
- Drift av tekniske anlegg (inkl. serviceavtalar)
- Vedlikehaldskostnader

For 2016 er leigebeløpet for Stord idrettslag utrekna til kr. 1 200 000.-

Leiga skal innbetalast forskotsvis i 12 terminar (kvar månad), og leggjast inn som faste oppdrag med direkte overføringar i økonomisystemet (utan fakturering).

Avrekninga / oppgjjer for eventuelle tilleggssytingar skal utførast i samsvar med eigen spesifikasjon.

4. DRIFT OG VEDLIKEHALD

4.1 Leigetakers ansvar og pliktar

Leigetakar skal til ei kvar tid ha ei oppdatert liste over eige inventar og utstyr (som dokumentasjon ved eventuelt forsikringsoppgjer).

Leigetakar har vedlikehaldsansvar for inventar og lausøyre, spesialinnreiing og brukarutstyr, som er installert for eller av brukar. (Jf. vedlegg 3)
Dette vedlikehaldsansvaret omfattar også fornying av slikt utstyr.
Alt brukarutstyr som kjem borti berande bygningskonstruksjonar og brannceller skal godkjennast av utleigar.

Skader/hærverk eller manglar som skuldast unormal slitasje og som er forårsaka av leigetakar sjølv, hans tilsette eller andre han har gjeve tilgang til lokala (framleige), må utbetrast for leigetakars eigen rekning.

Datautrusting og telefonsentral er forvalta av SKE KF, som også har ansvar for vedlikehald og fornying av slikt utstyr. Eventuelle endringar skal leggjast fram for og godkjennast av utleigar.

Vedlagte ansvarsfordeling vedkomande bygningsmessig drift og vedlikehald vert lagt til grunn (vedlegg 4).

4.2 Utleigars ansvar og pliktar

Utleigar er ansvarleg for alt ytre og indre vedlikehald av bygningen. I tillegg er utleigar ansvarleg for drift og vedlikehald av faste tekniske installasjonar som varmelegg, sanitæranlegg, ventilasjonsanlegg og elektriske installasjonar.

Vedlagte ansvarsfordeling vedkomande drift og vedlikehald av felles inventar og lausøyre, spesialinnreiing og brukarutstyr vert lagt til grunn (Jf. vedlegg 3).

Omfang av drift, vedlikehald og reinhald vil til einkvar tid vere avhengig av vedtekne budsjettrammer i kommunestyret.

Snøbrøyting / strøing og avgrensa stell av grøntanlegg er inkludert i leiga.
For dette syner me til vedlagte ansvarsfordeling for drift og vedlikehald (vedlegg 4).

5. REINHOLDSTENESTER

Reinhaldstenester vil bli levert i samsvar med kommunal standard for ein idrettshall. Reinhald av golvet i nyehallen, gamlehallen, nordbygdohallen og racketthallen vert utført i tidsrommet 14:00 – 16:00 to dagar i veka. Det må lagast tid i utleigekalendaren for slikt reinhald.

Leigetakar/brukar kan tinga andre reinhaldsoppgåver eller oftare reinhald dersom dei ynskjer det.

Tenesta skal avtalast på førehand med tilbakemelding og stadfesting av omfang og kostnader for brukar/leigetakar.

6. REGULERING AV LEIGE

Det er intensjon om at leigesatsane skal regulerast ved kvart årsskifte, og etter Statistisk Sentralbyrås konsumprisindeks, men ikkje slik at satsane kan setjast lågare enn ved overtakinga av lokala (01.01.2016).

Første regulering av leigesatsane skal finne stad 01.01.2017.

Ved endring av leigt areal, skal leigebeløpet justerast etter takst.

Ved evt. lovendringar, som omfattar punkt i avtalen, vert dette justert tilsvarande.

Two handwritten signatures in black ink are located at the bottom right of the page. The first signature is a stylized, cursive 'M' or 'N' with a long tail. The second signature is a more compact, blocky 'AB'.

7. LEIGETID/ DISPONERING AV ANLEGGET, OPPSEIING OG FRAMLEIGE

7.1 Leigetida

Leigeavtalen gjeld frå **01.01.2016 – 01.01.2026 med opsjon på nye 10 år.**

- Stord idrettslag disponerer i denne perioden bygningar/uteområde jf. vedlagt kart måndag – fredag kl. 15:00 – 22:00 (kan justerast i forhold til reinhald av hallane). Laurdag og søndag kl. 08:00 – 22:00.
- Stord kommunale eigedom KF disponerer anlegget måndag – fredag kl. 07:00 – 15:00.
- Leigeforholdet kan i avtaleperioden seiast skriftleg opp av både partar, og oppseiingsfristen skal då vere 12 månader.
- Eventuelt endring av leigt areal skal skje ved sesongslutt for dei einskilde idrettane, og oppseiingsfristen på 12 månader gjeld ikkje.
- Stord kommunale eigedom KF skal ha fri tilgang til idrettsstove og konferansesenter også måndag – fredag 15:00 – 22:00 og i helgar.
- Stord idrettslag har fri tilgang til idrettsstova og 2 kontor i 2. etg. (Jf. Vedlegg 5)
- Idrettsstova / konferansesenter må tingast.
- I skuleferiar kan SIL få tilgang til hallane på dagtid etter avtale med utleigar. (utanom fastsett 4 veker sommarferie) Dette skal ikkje gå ut over naudsynt vedlikehald, som er planlagt gjort innanfor desse periodane.
- Avtale mellom Stord idrettslag og SIP, datert den 12.05.2009 vedk. leige av lokalar i administrasjonsbygget vert overført til ny leigeavtale (Jf. vedlegg 5).

7.2 Framleige

Framleige til større arrangement/messer skal på førehand godkjennast av Stord kommunale eigedom KF.

Vikahaugane har fleire regionsanlegg, og Stord idrettslag pliktar og leige ut til alle lag og organisasjonar som ynskjer å leige på Vikahaugane. Andre brukarar som er tilslutta NIF skal betale same timeleige som til ei kvar tid gjeldande kommunale satsar.

Tilfeldig / sporadisk utleige av deler av dei areal, som vert omfatta av avtalen, krev ikkje godkjenning frå utleigar. Inntekter tilfaller leigetakar, og dersom dette krev ekstra arbeid (reinhald/vaktmeister) skal dette fakturerast direkte til leigetakar.

7.3 Avvikling / fråflytting

Leigetakar er ansvarleg for at lokalet vert overlevert reingjort og ryddig. Leigetakar er ansvarleg for evt. kostnader ved utbetring av skader m.m. som ikkje skuldast normal slitasje.

8. OMBYGGING

Det er Stord kommunale eigedom KF som er eigar og forvaltar av bygningsmassen, og som til ein kvar tid har ansvaret for tilstanden til bygget.

Leigetakar kan ikkje sjølv sette i gong ombygging / endring, men skal melde sine behov til utleigar, som vil vurdere om desse kan prioriterast innanfor vedtekne budsjetttrammer. Frist for å melde behov må vera i juni, for å få det med i forslag til investeringsbudsjettet for neste år.

Mindre endringar, som leigetakar vil finansiere over eige driftsbudsjett, skal leggjast fram for utleigar til godkjenning før arbeida vert sett i gong.

Utleigar skal gje svar på slike førespurnader seinast innan 1 månad, jf. pkt. 4.1.
Større ombyggingar og utvidingar vert definert som eigne prosjekt, med tilhøyrande budsjett fastsett av kommunestyret.

9. BRUK AV LOKALA

Leigetakar er ansvarleg for all skade, som skuldast han sjølv eller personar i hans teneste, sjå pkt. 4.1

Falsk utløyising av alarm der leigetakar kan klandrast og der det vert kravd gebyr frå t.d. brannvesen / vaktsselskap, vert belasta leigetakar.

10. TILSYN

Leigetakar har ansvar for tilsyn med brukarane i opningstida, og skal syte for at bygget er forsvarleg låst utanom opningstidene. Leigetakar skal snarast mulig varsle eigar om hærverk, skade og avvik som skjer i opningstida. Utleigar har tilsyn med bygget i opningstida mellom kl. 08 00 – 22 00 måndag – fredag.

I helgene har utleigar tilsynsvakt som kjem ved mindre arrangement, og er bakvakt dersom noko skulle skje. Ved større arrangement der utleige strekker seg over lengre tid (t.d. hafocup, hobbyvolly, turnstevne) har utleigar bakvakt og leigetakar skal sjølv ha eigne tilsynsvakter.

11. HÆRVERK

Utleigar skal syte for at tagging eller hærverk vert utbeta så snart som mogeleg og seinast innan 15 arbeidsdagar dersom ikkje politietterforsking eller anna tilseier andre fristar.

12. SKILTING

All utvendig skilting og tilvisningsskilt på/ved Stord kommune sine bygg skal følgje "profilhandboka".

Ansvarleg for skilting – sjå vedlagte ansvarsfordeling mellom utleigar og leigetakar (**vedlegg 2**).

Plassering av reklameskilt (ute og inne) skal skje i samarbeid med utleigar. Retten til reklameskilt i prestegardskogen fleirbrukshall, racketthallen og bortennishallen inngår ikkje i denne avtalen.

13. FORSIKRING

Utleigar er ansvarleg for at bygningsmassen, inventar og uteområde er forsikra mot skade. Utleigar vil ved skade dekke dei tilhøyrande forsikringskostnadene

Leigetakar må sjølv syte for eigne forsikringar av særleg verdifulle gjenstandar, som ikkje naturleg høyrer til innbuforsikring.

14. OFFENTLEGE KRAV

Utleigar er ansvarleg for at bygningen tilfredsstillar offentlege forskrifter og pålegg.

Leigetakar er ansvarleg for alle offentlege mynde for at hans bruk av lokala tilfredsstillar dei til ei kvar tid gjeldande lover, instruksar og pålegg med bakgrunn i verksemda i lokala.

Two handwritten signatures in black ink, one larger and more stylized, and one smaller and simpler.

Kostnader i samband med pålegg frå offentlege mynde, som skuldast leigetakar sin verksemd eller bruk av lokala må dekkast av leigetakar.

15. FORCE MAJEURE

Streik, "lockout", blokade eller andre forhold som partane ikkje rår over, som t.d. brann, eksplosjon, overfløyning m.m. fritar utleigar frå å oppfylle sine plikter i samsvar med denne leigeavtalen.

Eventuell plikt til å betale taps- eller skadeerstatning under slike forhold vil også falle bort.

16. BRUKARUTVAL

Stord idrettslag peikar ut ein person som vert kontaktperson for alle laga som bruker hallen.

17. TVISTAR

Ved eventuell usemje mellom partane om forståing av denne avtalen, skal tvisten søkjast løyst ved forhandlingar.

Dersom dette ikkje lukkast, skal tvisten avgjerast av Sunnhordland tingrett.

18. AVTALEN

Denne leigeavtalen er oppretta og underteikna i to eksemplar, der partane har kvar sitt eksemplar.

Vedlegg:

Vedlegg 1: Kartutsnitt datert 30.10.2015 og planteikning m/romfordeling


Vedlegg 2: Oversikt over leigeobjekt og arealoppgåve

Vedlegg 3: Oversikt over utstyr i hallane og ansvarsfordeling

Vedlegg 4: Ansvarsfordeling vedkomande drift og vedlikehald

Vedlegg 5: Avtale mellom Stord idrettslag og SIP vedr. kontorbygget datert 12.05.2009

Oversikt over leigd areal




M AB


Oversikt over leigd areal

Rackethallen

Areal som inngår i leigeavtalen er merka med gult



Prestagardsskogen fleirbrukshall




[Handwritten signature]
[Handwritten initials 'AB']

VEDLEGG 1



Vikahaugane

Areal som inngår
i avtalen er
merka med gult



Langeland

Areal som inngår i
avtalen er merka
med gult

AS

Vedlegg 2

Oversikt over leigeobjekt og arealoppgåve

| | | | |
|----------------|-------------------|-----------------------------|---------------|
| Eigedom | Gnr. 41, bnr. 54 | Areal: 58 571m ² | (Vikahaugane) |
| | Gnr. 41, bnr. 163 | Areal: 2 465m ² | (Vikahaugane) |
| | Gnr. 41, bnr. 63 | Areal: 29 384m ² | (Vikahaugane) |
| | Gnr. 43, bnr. 115 | Areal: 12 536m ² | (Langeland) |
| | Gnr. 27, bnr. 843 | Areal: 6 330m ² | (Ås) |

Arealet i leigeavtalen er begrensa til det som er merka i kart Jf. vedlegg 1

Bygg/anlegg:

Idrettshallane med konferansesenter og idrettsstova. Viser til eige plankart som viser kva rom som er med i leigeavtalen. (Jf. Vedlegg 1)

Nyehallen Vikahaugane

Gamlehallen Vikahaugane

Racketthallen Vikahaugane

Fleirbrukshallen i Nordbygdo

Regionsanlegg for vinteridrett på is

Sekreteriatbygget

Garderobebygg som ligg på gnr. 41, bnr. 54 og gnr. 43, bnr. 115 høyrer til Stord fotball. Det er inngått eigen avtale mellom Stord fotball og Stord kommunale eigedom KF vedr. desse to bygga.



VEDLEGG 3: UTSTYRSOVERSIKT SIP

Kostnader ved vedlikehold/utskifting av utstyr som Stord Idrettslag eig, og som skulane brukar, skal delast 50/50 mellom partane.
 Kostnader ved vedlikehold/utskifting av utstyr som Stord kommune eig, og som brukast av skulane og SIL, skal delast 50/50 mellom partane.

| Gruppe | Utstyr | Antall | Eigd av SIL | Brukes av SIL | Eigd av SVS | Brukes av SVS | Eigd av SK | Brukes av SUS |
|--------|------------------------------|--------|-------------|---------------|-------------|---------------|------------|---------------|
| Turn | Frittstående golv | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Mottakassar isopor med trekk | 5 | X | X | | X | | X |
| Turn | 15 grønne vanlege matter | 15 | X | X | | X | | X |
| Turn | Tjukkas | 4 | X | X | | X | | X |
| Turn | Trampett | 3 | X | X | | X | | X |
| Turn | Nedslagsmatter (Mitufa) | 10 | X | X | | X | | X |
| Turn | Nedslagsmatter tynne | 4 | X | X | | X | | X |
| Turn | Stilbar swingstang | 1 | X | X | | | | |
| Turn | Løpebane hopp | 1 | X | X | | | | |
| Turn | Svingstang over Grop | 1 | X | X | | | | |
| Turn | Svingstang golv | 1 | X | X | | | | |
| Turn | Ringstativ | 1 | X | X | | | | X |
| Turn | Ringer over grop | 1 | X | X | | | | X |
| Turn | Ringer over golv | 3 | X | X | | | | |
| Turn | Skranke golv | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Skranke ved gropkant | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Bøylehest | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Air Tumbling | 1 | X | X | | | | |
| Turn | Springbrett | 4 | X | X | | X | | X |
| Turn | Grop m / skum | 1 | | X | | X | X | X |
| Turn | Handskranke | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Puff (Bøylehjelp) | 4 | X | X | | X | | X |
| Turn | Alu skranke | 2 | X | X | | X | | X |
| Turn | Gynge Skranke | 1 | X | X | | X | | X |

| Gruppe | Utstyr | Antall | Eigd av SIL | Brukes av SIL | Eigd av SVS | Brukes av SVS | Eigd av SK | Brukes av SUS |
|------------|--|--------|-------------|---------------|-------------|---------------|------------|---------------|
| Turn | Trehandskranke | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Lav Bøylehest | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Kasse | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Lav svingstang (av Paul) | 1 | X | X | | X | | X |
| Turn | Spranghest | 1 | | X | | X | | X |
| Volleyball | Volleyballer | 40 | X | X | | | X | |
| Volleyball | Volleyballstolper | 4 | X | X | | | | |
| Volleyball | Volleyballnett | 4 | X | X | | | | |
| Volleyball | Volleyball, langnett inkl. Feste | 3 | X | X | | | | |
| Volleyball | Mikasa ballkorg | 4 | X | X | | | | |
| Volleyball | Mikasa ballbag | 3 | X | X | | | | |
| Volleyball | Volleyball-antenner, par | 8 | X | X | | | | |
| Volleyball | Poengtavler | 10 | X | X | | | | |
| Volleyball | Ballkurv, aluminium | 1 | X | X | | | | |
| Volleyball | Volleyballstolper | 12 | | X | | X | | X |
| Volleyball | Volleyballnett | 3 | | X | | X | | X |
| Friddrett | Høydematte | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Kuler | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Diskos | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Spyd | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Slegger | | X | X | | | | |
| Friddrett | Tidtakertstyr | | X | X | | | | |
| Friddrett | Startblokker | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Staver | | X | X | | | | |
| Friddrett | Høyde- og stavlister | | X | X | | | | |
| Friddrett | Hekker | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Hinder | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Stavmatte | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Stavstativ | | X | X | | X | | X |
| Friddrett | Beskyttelsebur for stav- og høydematte | | X | X | | X | | X |

| Gruppe | Utstyr | Antall | Eigd av SIL | Brukes av SIL | Eigd av SVS | Brukes av SVS | Eigd av SK | Brukes av SUS |
|-------------------|----------------------------|--------|-------------|---------------|-------------|---------------|------------|---------------|
| Håndball Bredde | Minihåndballmål | 12 | X | X | | | | X |
| Håndball Bredde | Håndballmål | 8 | | X | | | X | X |
| Håndball Bredde | Nedsenket tverrligger | 6 | X | X | | | | |
| Fotball | 5'er mål | | | X | | | X | X |
| Fotball | 7'er mål | | | X | | | X | X |
| Fotball | 11'er mål | | | X | | | X | X |
| Konferansesal | Bord / stolar | | X | | | | X | |
| Styrkerom kjeller | Treningsapperater / vekter | | X | X | X | | | |
| Styrkerom v.hall | Treningsapperater | | | X | X | X | | |

Handwritten signature and initials at the bottom right of the page.

Vedlegg 4

DRIFT- OG VEDLIKEHALD

ANSVARSFORDELING MELLOM STORD IDRETTSLAG

OG STORD KOMMUNALE EIGEDOM KF

Drift


Oversikten syner korleis ansvaret for gjennomføring av driftsoppgåvene og kostnadene for desse tenestene vert fordelt mellom brukar, eining for IT, vegmynde (VM) og (Ske KF) Stord kommunale eigedom KF.

Omfang av drift vil til einkvar tid vere avhengig av vedtekne budsjетtrammer i kommunestyret.

Det er i hovudsak to typar driftsutgifter:

1. Driftsutgifter som Ske KF dekker og har ansvar for gjennomføringa
2. Driftsutgifter knytt til leigetakar/brukar sin verksemd. Anskaffing og utskifting/reparasjon er kostnadmessig leigetakar/brukar sitt ansvar.

| DRIFT | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgåver som vert utført av andre |
|---|-------------------------------|---|--|
| SERVICE OG DRIFT | | | |
| VVS-tekniske anlegg | | | |
| Installasjon av vassmålar | X | | |
| Vassforbruk | X | | |
| | | | |
| Fyringsanlegg, oljetankar m/distribusjonsnett | X | | |
| Start/stopp vassboren varme, service radiatorar m.m. | X | | |
| Gass og trykkluft for byggets tekniske anlegg | X | | |
| Gass og trykkluft, alt som skuldast brukarbehov | | X | |
| Ventilasjonsaggregat, kjøleanlegg og filter knytt til drift av bygget | X | | |
| Ventilasjonsanlegg inkl. kanalføringar og ventiler | X | | |
| Ventilasjonsanlegg – skifting av filter | X | | |
| Luftbehandlingsutstyr, laust utstyr av brukaromsyn | | X | |
| Spesialutstyr/-innreing installert for eller av brukar (eiga liste) | | X | |
| Sprinkleranlegg – regelmessig tilsyn/kontroll – årleg kontroll | X | | |
| Røyropplegg, toalett, servant, armatur, drikkefontener | X | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |



| DRIFT | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgaver som vert utført av andre |
|--|-------------------------------|---|--|
| <i>Elektro-/teletekniske anlegg</i> | | | |
| Løpande revisjon av IK-system for el-anlegg | X | | |
| Brannalarmanlegg/naudljøs/brannslukkingutstyr - tilsyn/kontroll | X | | |
| Brannalarmanlegg/naudljøs/brannslukkingutstyr - årleg kontroll | X | | |
| Automatisk varsling til brannvesen | X | | |
| Heis, alarm og assistanse ved driftsstans | X | | |
| Følgje opp heiskontrollen og serviceavtaler | X | | |
| Automatiske portar og døropnarar | X | | |
| SD-anlegg, drift av bygg | X | | |
| Telefonanlegg og Data opplegg (leidningsnett fram til kontakt) | X | | |
| Koplingssskap for telefoni og data / server | X | | IKT |
| Kursopplegg og utstyr for innbrottsalarm | X | | |
| Tilgangskontroll / overvaking | | | Ikkje aktuelt |
| Datamaskiner (PC) / Audiovisuelt utstyr / Telefoner | | X | |
| Personsøkarutstyr, callinganlegg m.m. | | | Ikkje aktuelt |
| Antenneanlegg for radio og TV (unnateke fellesanlegg) | | X | |
| Fellesantenneanlegg | X | | |
| Elektrisk anlegg – tilsyn / kontroll | X | | |
| Spesialutstyr/-innreiing installert for eller av brukar | | X | |
| <i>Utomhusanlegg</i> | | | |
| Snøbrøyting, strøing – maskinelt vegar | X | | |
| Snørydding og strøing føre inngang og trapper til bygningar | X | | |
| Maskinell fjerning av strøsand etter vinteren | X | | |
| Maskinell kosting av plassar | X | | |
| Kosting/reingjering av inngangsparti | X | X | |
| Utvendige papirkurvar/aksebeger – anskaffing og tømning | X | | |
| Utvendige tribunar og utsalg papirkurvar/aksebeger – anskaffing og tømning | | X | |
| Merking av parkeringsplassar | X | | |
| Grasklipping / gartnararbeid grøntareal | X | | |
| Plantar i behaldarar / kasser / potter | X | | |
| Spesialutstyr installert for eller av brukar | | X | |
| <i>Grasbane</i> | | | |
| Vedlikehald /Grasklipping fotballbane (gras) | X | | |
| Mål/nett, merkestoff, merking | | X | |
| Vedlikehald tribune | | X | |
| <i>Kunstgrasbaner</i> | | | |
| Sjøppelplukking / fjerning av lauv mm. | | X | |
| Slådding (1 gang pr. veke) | | X | |
| Innkjøp av gummigranulat | X | | |
| Kontroll /etterfylling gummigranulat (etter behov) | X | | |
| Djuprensing | X | | |
| Snøbrøyting | | X | |
| Mål/nett, sikringsnett/gjerde rundt banen | | X | |
| Vedlikehald tribune | | X | |
| <i>Friidrettsbane</i> | | | |
| Sjøppelplukking/fjerning av lauv, kosting, rensing sarg rundt banen | | X | |
| Rensing/merking vedlikehald av banedekke | X | | |

| | | | |
|--|------------------------------|--|---|
| Friidrettsutstyr eks. hoppeputa, diskosnett osv. | | X | |
| Gjerde/port rundt friidrettsbane | X | | |
| Skesebane | | | |
| Sjøppelplukking/fjerning av lauv, kosting | | X | |
| Islegging | X | | |
| Preparering av is | | X | |
| Vedlikehald sikringsputer rundt banen | | X | |
| Utskifting av sikringsputer | X | | |
| Tilsynsvakt kveld / helg | | X | |
| Fryseanlegget | X | | |
| Vedlikehald/reinhald garderober | | X | |
| Reinhald / renovasjon | | | |
| Renovasjon dekkav kommunale avgifter | X | | |
| Renovasjon næringsavfall – utført av SIM / SIM næring ved større arrangement | | X | |
| Vask av fasadar / vindauge | X | | |
| Tekniske rom | X | | |
| Kanalar og sjakter (innvendig) | X | | |
| Sentralanlegg for støvsuging | X | | |
| | | | |
| | | | |
| Energi | | | |
| Straum og elektrisk varme | X | | |
| Ljostoffrør, ljospærer – ettersyn / utskifting | X | | |
| Ljostaster / lamper på utvendige fasadar | X | | |
| | | | |
| | | | |
| DRIFT | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgåver som vert utført av andre |
| Bygning | | | |
| Løpande revisjon av IK-system | X | | |
| Dagleg kontroll (avviksmeldingar) | X | | |
| Kvartalsvis kontroll (avviksmeldingar) | X | | |
| Årleg kontroll med TILSTANDSRAPPORT | X | | |
| | | | |
| | | | |
| ymse | | | |
| Serviceavtaler for oppgåver utleigar har ansvaret for | X | | |
| Serviceavtaler for oppgåver leigetakar/brukar har ansvaret for | | X | |
| Montering av inventar og utstyr | | X | |
| Flytting av inventar og utstyr | | X | |
| Flagg og flagging på offentlege flaggdagar | X | | |
| Låse-/lukkerutinar (Måndag – fredag mellom kl. 0700 – 22 00) | X | | |
| Låse-/lukkerutinar (utanom ordinær opningstid) | | X | |
| Brus-/vatn-/kaffiautomatar | | X | |
| Brannvernleiaransvar personell, brannøvingar (dag/kveld) | X | X | |
| Skilting, namneplater og tilvisingstavler innvendig | | X | |
| Kommunale avgifter (vatn, avlaup og evt. renovasjon) | X | | |
| Namneskilt (utvendig – namn/logo på bygget) | X | | |
| Romnummer på innvendige dører | X | | |
| Utstyr i idretts-/gymnastikksalar og serviceavtaler på dette (sjå eigen liste) | | X | |

| | | | |
|---|---|---|--|
| Fjerning av lauv, reinsking av sluk på tak, takrenner og nedlaup | X | | |
| Reinsking av kummer, sluk og sandfang | X | | |
| Spesialutstyr/-innreiing installert for eller av brukar | | X | |
| Brannteikningar, rømmingsplan, orienterings | X | | |
| Nøklar og nøkkelkort (må tingast via Ske KF) | | X | |
| Forvaltning av låsesystem | X | | |
| Sikre at brannvesen har tilgang til bygning | X | | |
| Forsikring (innbrot, hærværk, brann m.m.) | X | | |
| Forsikring av brukarutstyr som krev spesialforsikring | | X | |
| | | | |
| | | | |
| Kjøp av eksterne tenester, rammeavtaler, driftsavtalar, innkjøpsavtalar | X | | |
| Vakthald / tilsynsvakt (større arrangement) | | X | |
| | | | |

Vedlikehald

Oversikten syner korleis ansvaret for gjennomføring av vedlikehaldsoppgåvene og kostnadene for desse tenestene vert fordelt mellom brukar og (Ske KF) Stord kommunale eigedom KF.

Omfang av vedlikehaldet vil til einkvar tid vere avhengig av vedtekne budsjetttrammer i kommunestyret.

| VEDLIKEHALD | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgåver som vert utført av andre |
|--|-------------------------------|---|--|
| Bygning | | | |
| Yttervegger, utvendig kledning og overflater | X | | |
| Tak, tekking, beslag, renner og nedlaup | X | | |
| Berande konstruksjonar | X | | |
| Vindauge, dører m.m. synlege overflater ute | X | | |
| Vindauge, dører m.m. synlege overflater inne | X | | |
| Glasruter på fellesareal, skader | X | | |
| Innvendige vegger, kledning og overflater | X | | |
| Fastmonterte knaggar og hyller | X | | |
| Utvendige persienner og markiser | X | | |
| | | | |
| Glasparti, dører m.m. innvendig | X | | |
| Dørlåsar, beslag | X | | |
| Ominnreiing ønska av leigetakar (utleigar står for utføring) | | X | |
| Spesialinnretningar, fastmonterte brukarutstyr | | X | |
| Golv og overflater | X | | |
| Himling og overflater | X | | |
| Trapper innvendig | X | | |
| Trapper utvendig | X | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| VVS | | | |
| Stigeleidningar VVS | X | | |
| | | | |

| | | | |
|--|-------------------------------|---|--|
| Sanitær | | | |
| Botnleidningar | X | | |
| Leidningsnett fram til vegg / armatur | X | | |
| Leidningar og innretningar frå tilknytingspunkt i vegg | X | | |
| Armatur, tappekraner og liknande | X | | |
| Sentrale vassvarmarar | X | | |
| Utstyr med dette meint servantar, WC, lokale vassvarmarar | X | | |
| Speil | X | | |
| Handkle haldarar, såpedispenserar og liknande | X | | |
| Kloakk- og spillvasspumpar | X | | |
| | | | |
| VEDLIKEHALD | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgåver som vert utført av andre |
| Varme | | | |
| Fyringsanlegg, oljetankar m.m. | X | | |
| Leidningsnett | X | | |
| Armaturar, utstyr, panelomnar, radiatorar, varmekablar m.m. | X | | |
| | | | |
| Gass/trykkluft | | | |
| Gass og trykkluft for drift av bygget sitt tekniske anlegg | X | | |
| Gass og trykkluft til brukarutstyr (utleigar utførarar arbeidet) | | X | |
| | | | |
| Kjøleanlegg | | | |
| Kjøling, fast, komfortomsyn | X | | |
| Kjøling, spesiell, brukarutstyr, datarom (utførast av utleigar) | | X | |
| Kjøle-/fryserom inkl. teknisk utstyr | X | | |
| | | | |
| Ventilasjon | | | |
| Ventilasjonsanlegg, kanalar, ventilar | X | | |
| | | | |
| EI – kraftinstallasjonar | | | |
| Stigeleidningar fram til fordelingstavler | X | | |
| Tavler og kursopplegg | X | | |
| Belysningsutstyr, fastmontert | X | | |
| Belysningsutstyr, laust tilleggsbelysning | | X | |
| Naudljøs | X | | |
| Varmeomnar, fastmontert panelomnar | X | | |
| Varmeomnar, lause | | X | |
| Varmekablar | X | | |
| Vassvarmarar, elektriske kjelar, sentrale, lokale | X | | |
| Spesialutstyr/-innreiing installert for eller av brukar | | X | |
| | | | |
| Svakstraumsanlegg / tele | | | |
| Kursopplegg og utstyr for brannalarm | X | | |
| Automatiske portar og døroppnarar | X | | |

| | | | |
|--|---------------------------|---|--|
| Kursopplegg og utstyr (SD-anlegg) | X | | |
| Telefonanlegg og Data (leidningsnett fram til veggkontakt) | X | | |
| Koplingsskap for telefoni og data / server | X | | |
| Telefoner, datamaskinar (PC), skrivarar, faks og laust utstyr knytt til dette | | X | |
| Kursopplegg og utstyr for innbrotalarm | X | | |
| Nøklar og nøkkelkort (tingast hjå Utleigar) | | X | |
| Audiovisuelt utstyr | | X | |
| Personsoøkarutstyr m.m. | | X | |
| Antenneanlegg for radio og TV (unnateke fellesanlegg) | | X | |
| | | | |
| | | | |
| VEDLIKEHALD | Ske KF sitt ansvar | Leigetakar / brukar sitt ansvar og kostnad | Oppgåver som vert utført av andre |
| | | | |
| <i>Ymse tekniske anlegg</i> | | | |
| | | | |
| <i>Utomhusanlegg</i> | | | |
| Veger og plassar | X | | |
| Sykelstativ (utførast av Utleigar) | X | | |
| Leikeapparat (kan tingast hjå Utleigar) | | X | |
| Uversskur | X | | |
| Hagemøblar (utsetjing og inntak kan tingast hjå Utleigar) | | X | |
| Parkutrusting | X | | |
| | | | |
| <i>ymse</i> | | | |
| Spesialinnreiing / inventar installert for eller av brukar (t.d. kjøkenutstyr/kantine, tørke-/avtrekksskap m.m.) | | X | |
| Hærverk og innbrot, skader utvendig på bygg | X | | |
| Hærverk og innbrot, skader innvendig (sjå avtale punkt 4.1) | X | | |
| Hærverk og innbrot, skader på møbler/inventar/utstyr | | X | |
| | | | |
| Gymnastikksalutstyr, (sjå eiga liste) | X | | |
| | | | |
| | | | |
| Skilting, namneplater og tilvisingstavler innvendig | | X | |
| Reklameskilt | | X | |
| | | | |
| | | | |

Vedlegg 5



AVTALE.

Mellom Stord Idrettslag, hovedlaget på vegne av lagets gruppe: (SIL) og Stord Idrettspark a/s (SIP) er dags dato inngått følgende avtale om leie av lokaler.

SIP stiller til rådighet følgende i det nye kontorbygget på Vikahaugane:

- 3 kontorer i 2. etasje for SIL's håndball og fotballgruppe, samt kontor for regnskapstjenester og møtelokale betegnet som Idrettsstova.
- I tillegg stilles til rådighet et eget rom i anleggets kjeller til bruk for lagets arkiv.
- 1 kontor i konferanseavdeling stilles også til disposisjon for SIL's hovedstyre.

SIL's medlemmer har dessuten rett til fri tilgang til byggets styrkerom i nybyggets kjeller.

For så vidt gjelder bruk av møtelokale og styrkerom skal SIL's medlemmer rette seg etter de regler som er fastlagt av SIP for bruk av disse lokaler, herunder bestilling av bruk av lokalene.

Idrettsstova kan leies ut til andre formål, dog skal ~~da~~ SIL samtykke til dette dersom utleieformålet er av en viss varighet.

SIL's grupper kan enkeltvis gjøre faste avtaler med SIP om bruk av de nevnte lokaler.

Som kompensasjon for de tjenester som SIP her yter, skal SIL betale et engangsbeløp stort

Kr. 2.190.000.-, kroner tomillionerettihundreogtittusen.

Dette beløpet skal avskrives over en periode på 40 – førti – år.

Det er enn videre avtalt at SIL skal betale for 2 nye brannsikre vinduer i bygget til en pris av kr. 60.000.-, kroner sekstitusen.

Møbler, utover det som ble levert med bygget, betales av SIL.

SIP har ansvar for vedlikehold av bygget oppvarming og lys, samt et forsvarlig renhold av lokalene.

Avtalen kan, dersom den ikke virker etter sin hensikt, sies opp av en av partene med en oppsigelsesfrist på 6 måneder.

Stord, den 12/5 2009

Stord Idrettslag, Hovedlaget

Stord Idrettspark a/s